

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunestyresalen  
**Møtedato:** 29.10.2007 **Tid:** 15.00-18.10

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5, inkl. 0 varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:** kommunekasserar Eikestad, Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge.

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. november 2007

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

**UTVALET SITT KVARTER:****MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:****1. Samarbeid Nord-Sør.**

Pedagogisk konsulent orienterte om utvekslinga med Sigowet. Viser til notat datert 29.10.07, sak 00434/05. Samnanger har kontrakt med Fredskorpset (FK) om eit utvekslingsprogram. Dette har resultert i ein kontrakt mellom Samnanger og Sigowet der vi utvekslar to lærar/deltakarar mellom nord og sør. Samnanger kommune har arbeidsgjevaransvaret for desse. Etter to utvekslingsperiodar har kommunen fått ein del erfaringar og utfordringar som er viktig å jobba vidare med. Spesielt kan det vera viktig at sentrale politikkar og folk frå administrasjonen vitjar Sigowet og utvekslar arbeidsgjevarpolitikk og demokratiske prosessar. Utvalet slutta seg til å fortsetja samarbeidet på dette og søkja om midlar frå FK.

**2. Avtale om næringstomt på Bjørkheim**

Utvalet drøfta internt notat datert 22.10.07, sak 00116/00. Administrasjonssjefen orienterte om adv. Heldal sitt synspunkt i saka. Kommunen inviterer til dialog for å finne fram til løysingar.

**3. Budsjettet 2008**

Administrasjonssjefen orienterte om korleis budsjettet for 2008 er saldert med samlege av kommunen sine inntektsreservar. Det vert ei stor utfordring å få 2009 budsjettet i balanse, jfr. økonomiplanen. Det bør difor setjast ned ei arbeidsgruppe som går i gjennom drifta og prioriterer framtidige oppgåver i tråd med kommuneplanen. Den 12-13. november er sett av til budsjettarbeid i PØ og ei arbeidsgruppa bør veljast då.

**4. Øving Hordaland**

Fylkesmannen held den 28-29 november ei øving: Pandemi - fugleinfluensa. Øvinga gjeld i heile Hordland. Kriseleiinga i Samnanger skal øva desse to dagane og involvera aktuelle einingar og andre instansar.

**5. PCB lamper**

Ordføraren orienterte om at Samnanger ikkje skal betala bot på kr. 50.000 for ikkje ha levert plan for levering av PCB lampar på Frøland skule, slik det vart kunngjort i media,. Teknisk har levert plan og fått sletta kravet frå Fylkesmannen.

**6. Referansegruppe for utbygging i Aldalen**

Kommunen har i eit møte med BKK blitt oppmoda til å oppnemna ei referansegruppe på evt. utbyggingsplanar av Aldalen. Frå Samnanger bør både ordførar, varaordførar, administrasjonssjef og teknisk sjef delta i referansegruppa. Utvalet slutta seg til dette.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>	<b>Tittel</b>
0029/07	07/00411	<b>EIGEDOMSFORVALTNING</b>
0030/07	07/00391	<b>Unnateke off. innsyn §6</b> <b>TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - ERIK BEFRING.</b> <i>(Vedtaket i saka er offentleg, men saka inneheld dokument som er unnateke frå offentleg innsyn).</i>
0031/07	07/00396	<b>Unnateke off. innsyn §6</b> <b>TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - HANS NORDNÆS.</b> <i>(Vedtaket i saka er offentleg, men saka inneheld dokument som er unnateke frå offentleg innsyn).</i>
0032/07	07/00401	<b>Unnateke off. innsyn §6</b> <b>TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - KENNETH FANEBUST.</b> <i>(Vedtaket i saka er offentleg, men saka inneheld dokument som er unnateke frå offentleg innsyn).</i>

0029/07

**EIGEDOMSFORVALTNING****Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Felles framlegg v/Marit Aase: ”Det vert laga ei oversikt over Samnanger kommune sine ubebygde eigedomar, med planstatus.

Det vert teke avgjerd om det skal takast verditakst av somme eller alle eigedomane.

Det vert vurdert om og korleis deler av eigedomane aktivt skal omsetjast.

PØ-utvalet får saka lagt fram i første møte i 2008.”

Utvalet røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

- ✓ Det vert laga ei oversikt over Samnanger kommune sine ubebygde eigedomar, med planstatus.
- ✓ Det vert teke avgjerd om det skal takast verditakst av somme eller alle eigedomane.
- ✓ Det vert vurdert om og korleis deler av eigedomane aktivt skal omsetjast.
- ✓ PØ-utvalet får saka lagt fram i første møte i 2008

0030/07      **Unnateke off. innsyn §6****TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - ERIK BEFRING.**

*(Vedtaket i saka er offentleg, men saka inneheld dokument som er unnateke frå offentleg innsyn).*

**Framlegg til vedtak::**

Erik Befring får eit tilskot frå næringsfondet på kr 15.000 til delvis dekking av utstyr til det mobile studioet ”Kallen og Katten ved alle høve”. Tilskotssummen er basert på investeringar på kr 37.000.

Tilskotet skal førast i kommunerekneskapen på konto nr. 1.1400.3251.4700 og finansierast ved bruk av næringsfondet.

**Handsaming i møte:**

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Erik Befring får eit tilskot frå næringsfondet på kr 15.000 til delvis dekking av utstyr til det mobile studioet ”Kallen og Katten ved alle høve”. Tilskotssummen er basert på investeringar på kr 37.000.

Tilskotet skal førast i kommunerekneskapen på konto nr. 1.1400.3251.4700 og finansierast ved bruk av næringsfondet.

0031/07            **Unnateke off. innsyn §6**  
**TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - HANS NORDNÆS.**

*(Vedtaket i saka er offentlig, men saka inneheld dokument som er unnateke frå offentlig innsyn).*

**Framlegg til vedtak::**

Med utgangspunkt i eit investeringsbudsjettet på kr 438.000 får Hans Nordnæs eit tilskot frå det kommunale næringsfondet på kr 65.000 til delfinansieringa av kjøp av utstyr i samband med oppstart av Samnanger trafikkskole. Tilskotet vert utbetalt i samband med etableringa. Tilskotet skal førast i kommunerekneskapen på konto nr. 1.1400.3251.4700 og finansierast ved bruk av næringsfondet.

**Handsaming i møte:**

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med utgangspunkt i eit investeringsbudsjettet på kr 438.000 får Hans Nordnæs eit tilskot frå det kommunale næringsfondet på kr 65.000 til delfinansieringa av kjøp av utstyr i samband med oppstart av Samnanger trafikkskole. Tilskotet vert utbetalt i samband med etableringa. Tilskotet skal førast i kommunerekneskapen på konto nr. 1.1400.3251.4700 og finansierast ved bruk av næringsfondet.

0032/07            **Unnateke off. innsyn §6**  
**TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - KENNETH FANEBUST.**

*(Vedtaket i saka er offentlig, men saka inneheld dokument som er unnateke frå offentlig innsyn).*

**Framlegg til vedtak::**

K.F Maskin a.s. får eit tilskot frå næringsfondet på kr 40.000. Tilskotet er rekna ut på grunnlag av ein investering på ca. kr 400.000 eks. mva. Tilskotet skal førast i kommunerekneskapen på konto nr. 1.1400.3251.4700 og finansierast ved bruk av næringsfondet.

**Handsaming i møte:**

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

K.F Maskin a.s. får eit tilskot frå næringsfondet på kr 40.000. Tilskotet er rekna ut på grunnlag av ein investering på ca. kr 400.000 eks. mva. Tilskotet skal førast i kommunerekneskapen på konto nr. 1.1400.3251.4700 og finansierast ved bruk av næringsfondet.